

# Hognestad skule sin tiltaksplan mot mobbing

2017 -2020



**"Ein som vert mobba,  
er ein for mykje."**

## Innhold

<b>Hognestad skule sin tiltaksplan mot mobbing</b>	2017 -2018 .....	1
<b>1. INNLEIING .....</b>	2	
LOVVERK.....	3	
KVA ER MOBBING?.....	3	
HOVUDMÅL MED TILTAKSPLANEN:.....	4	
<b>2. STRATEGIAR FOR Å FØREBYGGJA MOBBING .....</b>	4	
1. Førebyggjande arbeid i høve til lærarane/tilsette. ....	4	
2. Førebyggjande arbeid i høve til føresette. ....	5	
3. Førebyggjande arbeid i høve til elevane. ....	5	
4. Konkrete tiltak på skulen kan vera: .....	5	
<b>3. STRATEGIAR FOR Å OPPDAGA MOBBING.....</b>	6	
1. Elevsamtalar .....	6	
2. Olweusmøter.....	6	
3. Sikker observasjon.....	6	
4. Vaktsystem. ....	6	
5. Elevane må ha kjennskap til teikn på mobbing. ....	6	
6. Tilsette må kjenna til teikn på mobbing. ....	7	
7. Kartleggingar .....	7	
8. Bevisstgjering av foreldre. ....	7	
<b>4. STRATEGIAR FOR Å STANSA MOBBING .....</b>	7	
1. Kva tid skal me gripa inn:.....	7	
2. Korleis grip ein inn? .....	8	
3. Kva gjer ein vidare? Snakk med:.....	8	
"Den konfronterande samtalet".....	8	
<b>5. Aktivitetsplanar og tiltak kring mobbeutsette og mobbar. .....</b>	9	
6.Kva kan føresette og andre vaksne gjere om born fortel om mobbing på skulen:.....	11	

## 1. INNLEIING

Våren 2003 vart Hognestad skule deltakar i Olweus-programmet mot mobbing og antisosial åtferd. Programmet skal førebyggja og redusera eksisterande

mobbeproblem både i og utanfor skolemiljøet. Ein stor del av programmet går ut på å skulera, bevisstgjera og auka kunnskapen i personalgruppa.

Hovudprinsipp til grunn for tiltaksprogrammet er å få til "ei omstrukturering av det eksisterande sosiale miljø" for å skape eit klima som kan kjenneteiknast av:

- Varme og engasjement frå vaksne.
- Faste grenser mot uakseptabel åtferd.
- Konsekvent bruk av ikkje-fysiske, ikkje fiendtlege sanksjonar ved brot på reglar.
- Tydelege vaksne både i heim og skule.

Tiltaka skal iverksetjast på skule/system-, klasse- og individnivå.

Olweus-programmet vert i stor grad styrande for tiltaka som til ei kvar tid vert igangsette på Hognestad skule. Skulen er sertifisert som Olweus-skule frå 2009. Frå og med hausten 2017 vart det gjort lovendringar i opplæringslova paragraf 9A. Dette gjer at det vil og settast i gong tiltak dersom eleven opplev eit utrygt psykososialt skolemiljø, uavhengig av om saken vert sett på som ein mobbesak. Dette kan ein lese meir om på jærskulen sine felles sider: <http://www.tryggskule.no/> Der ein finn både lovverk og tiltaksplanar. Når skulen får melding om ei slik sak, set ein automatisk i gang med denne prosessen. Dette skal skje innan ei veke etter mottatt melding.

## LOVVERK

Oversikt over lovverket finn ein på jærskulen sine felles sider, og linken på heimesida: <http://www.tryggskule.no/>

## KVA ER MOBBING?

"Ein elev er mobba eller plaga når han eller ho gjentekne gonger og over ei viss tid, vert utsett for negative handlingar frå ein eller fleire personar, og den som vert mobba har vanskar med å forsvara seg." (D. Olweus)

Vi seier at ein elev vert mobba når ein eller fleire andre elevar:

- Seier vonde og ubehagelege ting til han eller ho, gjer narr av han/ho eller bruker stygge og sårande kallenamn.
- Overser han/ho fullstendig eller stengjer han/ho ute frå veneflokken.
- Slår, sparkar, luggar, skubbar eller stengjer han/ho inne.
- Fortel løgner eller spreier falske rykte om han/henne eller sender ubehagelege lappar og prøver å få dei andre elevane til å mislika han/ho.

Ved mobbing skjer dette gjentekne gonger og det er vanskeleg for den som vert plaga å forsvara seg. Om ein elev vert erta gjentekne gonger på ein ubehageleg og sårande måte, er dette også mobbing.

Det er ikkje mobbing når nokon vert erta på ein snill og venskapeleg måte. Det er heller ikkje mobbing når to om lag like sterke elevar sloss eller kranglar. (D. Olweus)

#### HOVUDMÅL MED TILTAKSPLANEN:

- Redusera eksisterande mobbeproblem både i og utanfor skolemiljøet.
- Førebyggja, oppdaga og stansa mobbing.
- Ha nulltoleranse i høve tilmobbing og antisosial åtferd.
- Planen skal vera eit konkret og nyttig reiskap i arbeidet mot mobbing og antisosial åtferd.

#### Om nulltoleranse mot mobbing:

*"Dette arbeidet handlar om å byggja opp ein permanent og god beredskap på alle skular, som skal sikra at det vert reagert raskt og kontant kvar einaste gong ein ser tilløp til mobbing. For meg er det dette som ligg i omgrepet nulltoleranse."*

Helga Hjetland, leiar i Utdanningsforbundet.

## 2. STRATEGIAR FOR Å FØREBYGGJA MOBBING

**Målsetting:** Kvalifisera vaksne og elevar og skapa haldningar mot mobbing blant foreldre, elevar og tilsette.

### 1. Førebyggjande arbeid i høve til lærarane/tilsette.

- Regelmessige samtalegrupper
- Litteratur og film
- Loggbøker/samtalar
- Observasjon
- Informasjon og kurs til nye tilsette. Olweuskoordinator har ansvar for oppfylging.

## 2. Førebyggjande arbeid i høve til føresette.

- Foredrag/informasjon på foreldremøter. Grundig innføring på 4. trinn.
- Skulen har alternativt opplegg på 1 -3. trinn med opplegget «Zippis venner»
- Leggja fram resultat frå spørjeundersøking blant elvane.
- Gje føresette høve til å seia noko som kva dei meiner kan/bør gjerast.
- Gje råd til føresette om kva dei kan gjera for eigne barn:
  - Snakka med barna om mobbing og skapa haldningar mot.
  - Byggja opp eit positivt sjølvbilete hjå barna.
  - Følgja med i kva barna gjer i fritida og kva miljø dei ferdast i.
  - Vera vaksne/trygge føresette som set grenser utan å bruke valdelege oppsedingsmetodar.
    - Vera bevisste på at dei er rollemodellar for barna sine.
    - Bry seg om andre barn, særleg dei som har det vanskeleg.

## 3. Førebyggjande arbeid i høve til elevane.

Skapa haldningar og gje kunnskap om mobbing ved:

- Film
- Litteratur
- Rollespel
- Samtale/diskusjon
- Loggbøker/samtaler
- Observasjon
- Olweusmøter og Zippis venner.
- Fokus på gleding og bruk av fuelbox.
- Få resultata frå årleg spørjeundersøking på skulen/trinnet.
- Skulereglar
- Sosiogram i klassane to gonger i året.
- Informasjon

## 4. Konkrete tiltak på skulen kan vera:

- "Nulltoleranse" regelen for krenkjande ordbruk. Elevane får melding viss ein voksen overhører krenkjande ordbruk..
- Leggja om rutinar. Her må ein laga ein plan i kvart tilfelle. Det kan vera anna type friminutt, annan sitjepllass, observasjon m.m.
- Betre tilsyn i friminutt og i ustukturerte situasjonar.
- Friminutt til ulik tid, "time-out" i deler av eller heile friminutt.
- Følgja eleven til/frå skulen. Her må det avklarast kven som skal gjera kva.

- Oppfølging i friminutt.
- Styra innhaldet i deler av friminutt. Setja i gang, tipsa elevane om innhald.
- Endra på plassering av elevane i klasserommet, samansetjing av grupper.
- Orientera tilsette om situasjonen slik at alle kan følgja med ute og inne.

### 3. STRATEGIAR FOR Å OPPDAGA MOBBING.

**Målsetting:** Ha strategiar slik at vi kan oppdaga mobbing så tidleg som mogleg.

#### 1. Elevsamtalar

- Skal gjennomførast minst to gonger årleg og ved mistanke om mobbing.
- Spør konkrete spørsmål kring mobbing på skulen.
- Sosiogram skal gjennomførast to gonger i året.

#### 2. Olweusmøter.

- Alle klassar skal ha Olweusmøter kring mobbing og klassemiljø minst ein gong kvar 14. dag. Ha positiv vinkling. Kvifor har me det gildt her?
- 1-4.trinn arbeider med å innføra Zippis venner.

#### 3. Sikker observasjon.

- Skriv notater ved observasjon av mobbing. Dokumentasjon.
- Desse skal arkiverast i elevmappa saman med aktivitetsplanen.

#### 4. Vaktsystem.

- Alle vakter skal melda frå til ansvarleg lærar viss ein har mistanke om mobbing. Bruk gule lappar i vaktvesten. Personalelet må minnast på kor viktig dette er.
- Inspeksjonssystemet blir kontinuerleg vurdert.

#### 5. Elevane må ha kjennskap til teikn på mobbing.

- Elevane skal ha trening i å oppdaga mobbing.
- Klassemøte
- Mobbering
- Video
- Drama
- Elevane skal vite korleis dei kan melda frå om mobbing og negativ adferd.

## 6. Tilsette må kjenna til teikn på mobbing.

- Alle tilsette skal kjenna innhaldet i Olweus-programmet, handlingsplanen mot mobbing, og opplæringslova paragraf 9A . Meir info finn ein her:  
<http://www.tryggskule.no/>
- Dei tilsette skal kjenne til korleis dei skriv ein aktivitetsplan.

## 7. Kartleggingar

- Skulen skal gjennomføra elevudersøkinga og Olweus spørjeundersøkinga og drøfte innhald med dei tilsette, elevråd, SU og FAU.

## 8. Bevisstgjering av foreldre.

- Olweusprogrammet/mobbing skal vera tema på foreldremøte. Ein fortel kva ein gjer i antimobbearbeidet.
- Foreldre må kjenna til teikn på mobbing.
- Få foreldra til å diskutera si rolle som foreldre, bruk case eller anonyme situasjonar frå klassen eller andre klassar.
- Foreldre skal informerast om innhaldet i paragraf 9A i opplæringslova.

# 4. STRATEGIAR FOR Å STANSA MOBBING

**Målsetting:** Alle tilsette har plikt til å gripa raskt og riktig inn.

## 1. Kva tid skal me gripa inn:

Einkvar situasjon med uakseptabel åtferd, men særleg:

- Der nokon synest å ha det vondt.
- Der det er brot på skulen sine reglar.
- Der elevar synes å vera brydd over at vaksne plutselig dukkar opp.
- Der elevar ber vaksne om hjelp.
- Der du sjølv har ei magekjensle på at noko ”ugreit” skjer.

## Gripa in ”heller for ofte enn for sjeldan”:

Fordi det sender viktige signal:

- Om at vaksne ser og følgjer med.
- Om at vaksne bryr seg.
- Om at vaksne har mot og styrke til å gripa inn.

Du kan ta retrett utan å tapa noko:

- Gje beskjed om at det evt. ikkje var noko.

- Vaksne som innrømmer feil er meir truverdige.

### **Vurdera der og då:**

Observer lenge nok til at du:

- Ser kven som er den/dei sterke.
- Ser kven som er skadelidande.
- Ser om det er leikeslossing eller alvor.

### **Raskt nok til at:**

- Den det går utover ikkje lid unødig.
- Ingen får kjensle av at du er likegyldig.
- Overgripar ikkje får planlagt retrett.

### [2. Korleis grip ein inn?](#)

- Går tett på.
- Grip inn bestemt, vera åtferdsspesifikk.
- Ikkje still spørsmål, krev at åtferda skal stansa nå.
- Informer om følgjene av ikkje å slutta med åtferda.
- Oppfølginga må vera gjennomførbar.
- Informer om vidare samtalar/oppfølging der og då. (Aktivitetsplan)

### [3. Kva gjer ein vidare? Snakk med:](#)

- Mobbeofferet.
- Mobbaren/mobbarane.
- Eventuelt vitner.
- Utarbeide aktivitetsplan dersom saka kjem inn under paragraf 9A
- Foreldre skal informerast.

"Den konfronterande samtaLEN".

**- Når?** Så snart ein har høve til det. Helst med ein gong dersom det er mogleg.  
(Rektor, kontordame eller den som har ledig tid tek klassen.)

**- Kvar?** Eit skjerma rom. Samtalane må føregå kvar for seg. Dersom det er fleire, må dei ikkje få høve til å snakka seg imellom og bli einige om kva dei skal seia.

**- Kven?** Kontaktlærar og den vaksne som var i situasjonen (helst). **Rektor og Olweuskoordinator ved behov.**

Den som mobbar, eller dei som mobbar ein og ein.

### **Innhald i samtaLEN:**

- Set rammene.
- Legg fram dokumentasjon/indisier.
- Presenter krav om stans av åtferd.
- Presenter konsekvensar dersom ein ikkje sluttar.
- Fortel kva skulen gjer vidare.
- Sjekk at eleven har forstått.
- Avtal nye samtalar.

**Form på samtalens:**

- Skjerma rom.
- Alle sit ned.
- Dei vaksne viser alvor.
- Ikkje still spørsmål til eleven i første fase. Dei vaksne definerer og fortel.
- Ikkje tome truslar.
- Ikkje diskusjon om offeret sitt evt. bidrag til situasjonen.

**Danna seg eit så klart bilet som mogleg av:**

- Kvar mobbing har skjedd.
- Kor ofte mobbinga har skjedd.
- Når
- Korleis
- Kven som er den/dei mest aktive.
- Kvifor (Har mobbinga noko med konkrete situasjonar å gjera, noko med mobbeoffer/mobbar som individ å gjera, noko med gruppeprosessar?)
- Bodskapen er klar: Vi aksepterer ikkje mobbing ved vår skule og vil sørge for at det blir slutt på det.

NB: Skriv kort referat frå samtalens, den skal leggjast ved aktivitetsplanen i mappa til den/dei elevane det gjeld. Ver forsiktig med namn i elevmappene.(Namn på andre elevar som er involverte i saka)

## 5. Aktivitetsplanar og tiltak kring mobbeutsette og mobbar.

Aktivitetsplanen skal gje mobbeutsett, skule og foreldre ei god hjelp i å handtere mobbing. I alle mobbesakar skal det skrivast aktivitetsplan innan ei veke frå mobbinga er meldt.

Aktivitetsplanen skal innehalda konkrete tiltak mot mobbinga. Foreldre skal alltid kallast inn til samtale om aktivitetsplan og vidare oppfølging. Dersom tiltaka ikkje verkar skal det skrivast nye tiltak fortløpende. Ein skal alltid informere rektor før ein skriv aktivitetsplan.

- Alle mobbeutsette skal få vere med å drøfte tiltaka før dei vert sette i verk. Den same retten har føresette.
- Den mobbeutsette skal ha fleire samtalar med ein vaksen på skulen som dei stolar på. Evaluering av tiltaka skal dokumenterast i jærskulen sine skjema og leggjast i mappa.
- Det skal gjennomførast evalueringssamtalar undervegs. Dersom eleven, føresette og skulen er einige i at mobbinga er slutt, avsluttar ein aktivitetsplanen.

Aktivitetsplanar for mobbar/elevar som plagar andre elevar:

- Ein skal alltid kalle inn foreldre til samtale dersom ein elev mobbar/plagar ein annan elev.
- Ein skal og skrive aktivitetsplan for mobbar, med konkrete tiltak for å få slutt på mobbinga. Dersom saka er alvorleg må ein og her drøfte om andre instansar skal inn.
- Eleven skal ha regelmessige samtalar med vaksen på skulen. Dette skal og dokumenterast i eige skjema.
- Dersom skulen ser at mobbinga har teke slutt, avsluttar ein aktivitetsplanen i samråd med føresette.

<b>Handling</b>	<b>Ansvar</b>
Registrering av sak	Alle tilsette. Skal meldast rektor fortløpande.
Digital registering av sak	Rektor/Olweuskoordinator
Samtale elev	Klasseleiar/ SFO -leiar
Aktivitetsplan og tiltak vert drøfta og skriven	Rektor/Olweuskoordinator./klasseleiar/SFO- leiar
Innkalling/gjennomføring av møte med foreldre	Olweuskoordinator/klasseleiar/SFO- leiar
Samtale eventuell mobbar	Olweuskoordinator/ Klasseleiar/SFO-leiar
Evaluering med foreldre	Olweuskoordinator/klasseleiar/SFO -leiar
Evaluering med elev	Klasseleiar/ SFO- leiar

Dokumentasjon i elevmappa og i skulen sitt arkiv	Rektor/administrasjon
--	-----------------------

NB! Hugs at aktivitetplan og vert skriven i tilfelle som går på det psykososiale miljøet, og difor og gjeld i saker som ikkje reknast som mobbesaker.

## 6.Kva kan føresette og andre vaksne gjere om born fortel om mobbing på skulen:

- Skulen har og ein knapp på heimesida der ein kan melde frå om mobbing
- Ring skulen eller kontaktlærar snarast råd.
- Heimesida har link til jærskulen si eiga side for føresette som opplev at barnet blir krenka. <http://www.tryggskule.no/foreldre/>